

Gledde dei eldre med musikk

19.08.2010



Torsdag ettermiddag var det ei fin musikkstund på Rosendalstunet.

Det var Marius L. Torjusen og Vegard Døssland, høvesvis på euphonium og kornett, som hadde ein halv times konsert for bebruarane.

I løpet av denne halvtimen presenterte dei eit variert program på 12 nummer.

Her fekk dei eldre høyre alt frå velkjende gammaldansvalsar og Blåveispen til hymner og klassiske stykke. (Brazzooka-musikk hadde derimot ikkje dei to allsidige musikarane på repertoaret denne ettermiddagen.)

Marius som har jobba på Rosendalstunet som ferievikar i sommar, kjende sitt publikum og hadde sytt for at favorittvalsen til ein av beubarane, Dansen på Måkeskjær, var med på programmet.

Det var tydeleg at publikum sette stor pris på musikken. Like tydeleg var det at dei to unge musikarane følte at det gav dei mykje å spela for dei eldre.

Dette er ein god arena for andre, unge lovande musikarar. Det er flott at dei tilsette ved Rosendalstunet nyttar unge musikarar på denne måten.

Dei to lovande musikarane gav uttrykk dei synes det er kjekt å glede andre med musikken sin. Dei var og tydelege på at det var gjennom det gode arbeidet i skulekorpsa i Rosendal og Uskedalen at fundamentet for deira utvikling vart lagt.

No ser begge dei travle musikarane fram til å koma i gang med korpssesongen saman med alle dei andre flinke unge musikarane. Dei har i alle fall ein meinigsfull hobby!